

NESDALEN.

LANDSKAP

Tilkomstsona

Bratt bilveg (ca 1 km) i trangt dalføre med utsyn mot elva i dalbotn og frodige lisoner.

Stølssona

Stølsvegen går fram til støylen

Klart avgrensa dalrom i sør langs elvesletta mot Sørsendalen. Dalen dreier sørvest inn mot Sørsendalen. I knekksona ligg ei markert ei rasvifte. Stølssona er avgrensa i nord av ein markert morenerygg mot Inste Dalevatn. Frodig lauvvegetasjon langs elva og lisona mot Inste Dalevatn.



Bilde 1: Nesstøylen sett frå stien som kjem frå Ryssdalsdalen. Det er stølsdrift på nokre av gardsbruka, og det er dyrka opp omlag 30 daa grasareal ved støylen. Sørsendalen går innover til høgre, bak den store morenen.



Bilde 2: Restaurert stølsmeieri på Nesstølen.



Bilete 3: Ryssdalsdalen, dvs dalføret som går fra Nesstøylen og nordover mot Ryssdal. Ryssdalshorn til høyre, og Dalevatnet i bakgrunnen.

NÆRINGSINTERESSER OG ANDRE BRUKARINTERESSER

Landbruk

Det er stølsdrift på 1-2 bruk på Nesstøylen. Det er også ca 30 da. oppdyrka grasareal langs elvesletta sør for støylen og noko areal er under oppdyrking sentralt i stølsområdet. Stølshusa er godt vedlikehalde og vert i tillegg til stølsdrifta også nytta til jakt og rekreasjon for grunneigarane. Eit gammalt stølsmeieri ved elva er nyleg restaurert.

Friluftsliv

Området nyttast som turutgangspunkt. Merka sti mot Ryssdalsstøylen ved Fremste Dalevatnet. Elles fint turutgangspunkt om sommaren for store deler av fjellsona m.a gjennom Sørsendalen til Sørsendalsvatna og Store Varden.

INNSPEL FRÅ GRUNNEIGARANE

Ynskjer at vernegrensa vert trekt utanom stølsdalen. Vasskraftutbygging av elva med minikraftverk kan bli aktuelt? Behov for traktorveg inn mot Inste Dalevatn langs elva.

MERKNADER

Framlegg til alternative vernegrenser går i hovudsak utanom sjølve stølsdalen. Ut i frå terreng og landskapsrom vil naturleg grensedraging mot nord vere langs moreneryggen som er eit visuelt skilje mellom stølsdalen og dalrommet mot Inste Dalevatnet. Sør for støylen og det dyrka området er nordsida av moreneryggen midt i dalen ei naturleg avgrensing for LVO.